



Kunnskapsdepartementet
Postboks 8119 Dep

0032 OSLO

Att:

Dykkar ref
200903642

Vår ref (oppkje ved svar)
09/9788

Arkivopplysningar
09/2066-2 / / A0 /

Dato
16.11.2009

Uttale til NOU 2009:18 Rett til læring

NOU 2009:18 Rett til læring er ute på høyring med svarfrist 27. november. Gloppen formannskap har følgjande merknader:

Opplæringslova kap 5 heimlar i dag born og unge sin rett til spesialundervisning og opplæring.

Det er positivt at NOU 2009:18 gjer framlegg om auka vektlegging av born og unge sin rett til læring. Positivt er det også at det no vert lagt vekt på tidleg innsats og førebygging for born og elevar med særlege behov. Barnehage- og skuleeigar må ha plikt til god oppfølging i høve til born og elvar si utvikling, læring og læringsmiljø. Rett til ekstra tilrettelegging av opplæringa når born og unge ikkje har eit tilfredsstillande læringsutbytte, må vere ei sjølv sagt målsetjing for skule og barnehage.

I Rett til læring vert det slått fast at PP-tenesta skal vere tett på barnehagar og skular og ha god kompetanse på læringsmiljø, problemåtferd og samansette læreveskar. Det vert også gjort framlegg om å etablere eit femårig kompetanseutviklingsprogram for PP-tenesta og deira samarbeidspartar. Nødvendige økonomiske ressursar skal hentast frå omorganisering av andre deler av sektoren. Den førre reforma er ikkje enno ikkje evaluert. Ut frå våre røynsler med SAMTAK-reforma frå slutten av 1990-talet, vil det nye forslaget ikkje gje den ønskte kompetanseoppbygginga av PP-tenesta. Auka økonomiske ressursar er avgjerande. Røynslene frå SAMTAK er at det skjedde lite som utvikla PP-tenesta. I Sogn og Fjordane, med mange mindre kommunar, vart lite nye ressursar tilført PPT-kontora over tid. Betre vil det vere å halde på ei organisering med sterke spesialisttenester som eit tillegg og i samarbeid med PPT.

Gloppen kommune er i dag vertskommune for Statped Vest avd. Nord. Avdelinga arbeider mykje med samansette læreveskar og vert såleis i NOU 2009:18 tilrådd nedlagt i si noverande form. Vårt inntrykk er at dagens organisering fungerer godt og at Statped Vest yter god hjelp til skular og barnehagar over heile Nordvestlandet. Dersom Statped Vest avd. Nord vert nedbygd, vil det for Sogn og Fjordane vere det føreslegne regionsenteret i Bergen som skal yte kompetanse og hjelp i kompliserte (lavfrekvente) saker. Det er gjort framlegg om at bemanninga ved dei regionale sentra kring i landet skal gå ned frå totalt ca 145 til 30. Det vil dermed frå Sogn og Fjordane verte store geografiske avstandar for å kome til

spesialkunnskapen og langt færre enn i dag til å yte spesialisttenester. Framlegga i Rett til læring vil ha ein sentraliserande effekt, sjølv om tanken er at dei fleste (høgfrekvente) tilboda skal gjevast lokalt.

Forslaga i NOU-en vil også gje kommunane eit endå større ansvar for læring og opplæring enn i dag. Dette er ikkje i samsvar med trykket på kommunal økonomi, slik det er i dag. Resultatet vert ein meir pressa situasjon på mange skular, og ikkje at born og elevar med særskilde behov får betre tilbod og læringsituasjon.

For vår region er dei 14 stillingane som i dag er lokalisert ved Statped Vest avd. Nord i Gloppen viktige. Dei oppfyller regjeringa sine målsetjingar om å ha tunge kompetansemiljø plassert i distrikta, utanfor dei store byane. Statped Vest sine folk kjenner dei pedagogiske miljøa kring på Vestlandet, og med avdelingar i Stavanger, i Bergen og i Gloppen vert Vestlandet dekkja på ein god måte.

I dag er Statped Vest avd. Nord samlokalisert med Høgskulen i Sogn og Fjordane sitt Studiesenter Sandane. HSF tilbyr her mastergradstudium i spesialpedagogikk. Utvikling og utnytting av felles kompetanse har gjennom mange år gitt eit betre kunnskapsnivå mellom tilsette i PPT, i skular, i barnehagar og på institusjonar i store område. Ei vidare nedbygging av Statped Vest vil svekke tilgangen på nødvendig kompetanse i vår region.

Gloppen formannskap ber om at desse innspela vert teke med i den vidare handsaminga av NOU 2009: 18 Rett til læring.

Med helsing

Anders Ryssdal
ordførar
tlf. 57 88 38 51

Kopi til:

Nordfjordrådet	v/Eid kommune	6770	NORDFJORDEID
Sogn og Fjordane fylkeskommune	Askedalen 2	6863	LEIKANGER
Statped Vest	Postboks 6039 Postterminalen	5892	BERGEN